
Saknr: 2020/45667-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|-----------------|------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Klage til kontrollutvalet vedrørende ferjetilbod til Austevoll kommune**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om fylkesrådmannen sitt skriftlege syn på «Klage vedrørende ferjetilbod til Austevoll kommune» til møte 08.06.2020. Det skriftlege svaret vert å levere sekretariatet innan 18.05.2020.
2. Kontrollutvalet ber også om at fylkesrådmannen orienterer munnleg om saka i møte 08.06.2020.
3. Kontrollutvalet tar henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal involverer seg i.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Til Kontrollutvalget - følgebrev og vedlegg
- 2 Svar på spørsmål om Ferjetilbodet i Austevoll FRM HfK - mai 2019

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har motteke «Klage til kontrollutvalet, Vestland fylke, vedrørende feregtilbudet til Austevoll kommune over sambandet Krokeide-Hufthamar» frå Terje van der Meeren og Karsten Eriksen dagsett 12.03.2020, jf. vedlegg 1.

På bakgrunn av dette sende vi slikt spørsmål til Terje van der Meeren 06.04.2020:

«Vi stadfester å ha motteke henvendinga nedanfor. Vi gjer merksam på at det er brukt feil e-post adresse til oss: kontrollutvalget@vlfk.no. Rett e-post adresse er kontrollutvalet@vlfk.no.

Vidare gjer vi for ordens skuld merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan. Før saka eventuelt vert lagt fram for kontrollutvalet har vi følgjande spørsmål:

Er saka teke opp med Vestland fylkeskommune ved fylkesrådmannen og kva svar har du i tilfelle fått der?

Neste møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal haldast 21.04.2020. Dersom saka i tilfelle skal rekka det møtet må vi ha svar relativt raskt.»

Vi mottok slikt svar same dag:

«Saken har vært tatt opp med Fylkesrådmannen i tidligere Hordaland fylke i et brev fra Austevoll Senterparti. I brevet ble også andre samferdselssaker (som forskjeller i billettpriser på snøggått og urimelig soneinndeling for buss) tatt opp, men disse har vi ikke tatt med i vår henvendelse til kontrollutvalget. Fylkesrådmannen svarte 22. mai 2019 (se vedlegg), der forskjellene i frekvens og åpningstid på fylkesfergene begrunnes med historiske forhold, lengde på strekning og transportbehov.

Vi mener å ha dokumentert at Austevoll har ett av de største transportbehovene i fylket, særlig med tanke på næringslivet. Vi mener også at historiske forhold ikke kan brukes som argument for å la være å rette opp i skjevhetene. Som vi argumenterer for i vår henvendelse til kontrollutvalget må objektive mål benyttes i utformingen av fergetilbudet i fylket.»

Vedlegget ligg ved som vedlegg 2.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet kan avgjere om dette er ei sak for utvalet, ref. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Henvendinga frå Meeren og Eriksen kan på mange måtar sjåast på som ei klage på eit tidlegare vedtak gjort i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet er som kjent ikkje eit klageorgan og skal heller ikkje handsame klagesaker. Likevel kan kontrollutvalet ta med seg slike saker dersom det er andre indikasjonar på at problemstillingane som er teke opp er å rekne som ein av fleire systemfeil. Vi har ikkje indikasjonar på at det er tilfelle ut frå dei opplysningane vi har pr. i dag.

Utvalet kan likevel ta henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

I tillegg kan det også vera ein idé at kontrollutvalet ber om fylkesrådmannen sitt skriftlege syn på saka til møte 08.06.2020. Vidare kan utvalet også be fylkesrådmannen orientere munnleg om saka i møtet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber om fylkesrådmannen sitt skriftlege syn på saka til møte 08.06.2020. Vidare vert det tilrådd at utvalet ber fylkesrådmannen orientere munnleg om saka i møtet.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet tar henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.